

## **Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet**

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Spørsmålet som representanten Andersen stiller, er både viktig og aktuelt. Høyanger har heilt rett sett ei negativ utvikling i talet på arbeidsplassar dei siste åra, og det er eit klart mål for både lokale og regionale forvaltningsnivå å bidra til å snu denne utviklinga. Når det gjeld forslaget om å redusere arbeidsgjevaravgifta for å oppnå dette, ligg mynde å gjere noko med dette først og fremst til nasjonale styresmakter som ein del av skatte- og avgiftspolitikken - og slik sett utanfor det som fylkeskommunen rår over.

Fylkeskommunen skal straks vedta utviklingsplanen, den vil vera grunnlaget for korleis fylkeskommunen spelar på lag med kommunane. Fylkesordførar meiner at fylkeskommunen må jobba kontinuerleg for å sikre næringslivet og lokalsamfunn i Vestland dei til ei kvar tid beste rammevilkåra for ei god utvikling. Det å påverke skatte- og avgiftssystem er ein sentral del av dette arbeidet.

Det er Høyanger kommune sjølv som må definera si plassering for arbeidsgjevarsats, og fylkesordførar meiner at fylkeskommunen vil støtta kommunen om det er ynskjeleg.»